

Nr. 6 august 2008 - Årg. 23

# Bygdabladet

for BOKN



Solnedgang s. 2



Korpstur s. 8



Speidartur s. 16

# Bygdabladet



[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no) - [post@bygdabladet.no](mailto:post@bygdabladet.no)

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren. Eit abonnement kostar kr. 325,- pr. år, gratis for bortebuande skulelevar og studentar.

**Redaktør** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08  
E-post: [jardar.havikbotn@bokn.kommune.no](mailto:jardar.havikbotn@bokn.kommune.no)/post@bygdabladet.no

**Journalist** Reidar Alvestad, tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04  
E-post: [reidar.alvestad@bokn.kommune.no](mailto:reidar.alvestad@bokn.kommune.no)

**Medarbeidar** Linda Ognøy, tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82  
E-post: [linda.ognoy@bokn.kommune.no](mailto:linda.ognoy@bokn.kommune.no)

## BYGDABLADNEMND

Johannes Nilsen  
Ellen Nedrebo  
Lars Norekvål

## GJELDANDE ANNONSEPRISAR

|                    |              |
|--------------------|--------------|
| Heilside           | kr. 625,-    |
| Halvside           | kr. 375,-    |
| Kvartside          | kr. 188,-    |
| 1/8 side           | kr. 125,-    |
| Privatann.         | kr. 62,-     |
| Fastann./fargeann. | etter avtale |



Stort forsidebilde:

"Det gule flyet"

Foto: Kjetil Hamre

## Kjære lesar!

### Månadens MMS-bilde for juni/juli

Alle lesarar med tilgang til internett veit at nettutgåva inviterer barn og vaksne til å bidra med MMS-bilder til eit elektronisk fotoalbum. Rundt 170 mobiltelefon-knipsa bilder er til nå alfabetiserte inn i el-boka, og bilder frå telefonar rundt omkring melder seg med jevne mellomrom til underteikna sin mobiltelefon.

Kvar veke trekker me ut vekas MMS-bilde, som blir plassert i høgremenyen på websida. Det blir også trekt ut Månadens MMS-bilde, som berre blir kungjort her i papirutgåva.

Ordføraren har trekt ut blant bygdabladnemnda sine nominerte, som denne gong var *Solnedgang 3* (Sigve Våge) og Kveldsstemning frå terassen (Margunn Taraldlien).

Vinnaren er **Sigve Våge**, som får eit kommunekrus. Gratulerer!  
Bildet ser du på framsida og i albumet i nettutgåva.

- redaktøren -



## RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

### Kommuneundersøking

I ein nyleg publisert undersøking der Dagens Næringsliv har rangert kommunane etter kor gode dei er å bu i, kom Bokn på ein 145 plass. Når ein veit at det er 431 kommunar i Noreg, er ikkje Bokn sin rangering så aller verst.

Avisa har rangert kommunane etter fleire indikatorar, m.a. levestandard, sosiale tilhøve og tenestetilbod. Jamt over var det småkommunane som kom best ut i kåringa. Dette er eit tankekors i høve til partia som tek til orde for kommunesamslåing med tvang.

Likevel vil me i Bokn kommune i tida framover freista å bli ein endå betre, spesielt på dei forholda som me har direkte innverknad på.

Trialoppvisning på Sommarmarknaden -08 den 12. juli.



Foto: Jardar Havikbotn

### Noregscup i Trial

Sundag 7. september arrangerar Pluggen motorklubb Noregscup i Trial på Torland. Dei siste åra har Pluggen opparbeidd seg god erfaring med å avvikla større løp i Bokn. Det er svært hyggeleg at Pluggen tek på seg slike arrangement då dette er eit flott høve til å marknadsföra og visa fram kommunen vår.

Eg vil spesielt framheva alle dei engasjerte foreldra som utgjer eit solid støtteapparat for klubben, og som, saman med

øvrige medlemmar, gjer ein stor innsats i samband med arrangementa.

Eg ser fram til mange spennande løp med utøvarar som vil gje publikum ei flott oppvisning i kombinasjonane balanse, koordinasjon og konsentrasjon. Spesielt kjekt blir det å fylgja våre lokale utøvarar gjennom dei ulike seksjonane.

Eg vil ynskja Pluggen lukke til med arrangementet og håpar flest mogleg, både boknarar og andre, tek med nistepakke og termos og legg turen til Torland denne dagen.

### Snart haust

Sjølv om august er ein sommarmånad, ser me fleire teikn på at hausten nærmar seg. Etter ein flott sommar har kvardagen innhenta oss. Skulen har starta opp att, administrasjonen og det politiske livet har vakna til liv og me går inn i nokre ar-

beidskrevjande månader med m.a. budsjettthandsaming og kommuneplanarbeid.

Parallelt med dette arbeidet pågår det fleire andre prosjekt, slik som t.d. helseplanarbeid og Kjekt på Bokn.

Eg er å treffa på Boknatun dei fleste vekedagane. Tidvis er det mykje møteverksemd så det kan vera lurt å ta kontakt før å avtala tid viss du ynskjer å snakka med meg.

Ordføraren

# Ny dagleg leiar på Arsvågen Kro og Gardsmat

Reidar Alvestad

**25-åringen Helge Økland Risanger frå Haugesund har overtatt stillinga som dagleg leiar for Arsvågen Kro og Gardsmat AS. Han har vore tilsett der sidan nyttår.**

## Variert erfaring

25-åringen har fagbrev som institusjonskokk, og har arbeids-erfaring både frå kjøkkenet ved Haugesund sjukehus og frå Viste Strandhotell.



Helge Økland Risanger har vore ny dagleg leiar ved Arsvågen Kro og Gardsmat sidan nyttår.

Han syntest stillinga ved Arsvågen Kro og Gardsmat såg interessant ut med varierte arbeidsoppgåver. Ved sida av å laga mat, har dei det spesielle med sal av kjøt og pølser som

dei satsar på. Angus-kjøtet får ein ikkje fatt i over alt, og han vil vera med å utvida salet av dette kjøtet. Difor har dei gått i gong med auka marknadsføring på eiga heimeside, pluss avertering i lokal dagsavis.

Salet går godt, og dei går ofte tome for kjøt. Det er imidlertid ikkje noko problem å få fylt opp att. Desse kjøtprodukta leverer dei også til ein restaurant i Haugesund.

## Kafe, butikk og selskapslokale

Drifta av kafeen, butikken og selskapslokala blir vidareført stort sett i same form som tidlegare.

Frå i sommar er middagsserveringa på sundagar flytta frå kafeen til selskapslokala i 2. etasje, og tilbodet er nå buffet med varme rettar kor ein kan forsyna seg med det ein ynskjer. Dessertbord og kaffi er inkludert.

Dette har trekt bra med folk, men kanskje ikkje så mange her frå kommunen.

Når det gjeld elles i veka er det såkalla hurtigmat dei serverer i kafeen, men torsdagane har dei "heimelaga" middag. Helge Økland Risanger seier han vi vera lydhør ovafor kundene når det gjeld eventuelle ynskje om nye matrettar. Det har vore mykje folk innom kafeen i sommar, og god omsetjing av dei varene dei har i butikken.

Selskapslokala blir brukt som tidlegare til meir lukka arrangement og ulik møteverksemd. Sistnemnde er det noko meir av om hausten og vinteren.

## Arbeidsplassar

Utanom han sjølv har han to personar i fullt arbeid, pluss nokre på deltid. Det er her som andre stader ikkje så enkelt å få tak i arbeidkraft. Drifta er noko sesongbetont, og det er sommarhalvåret som er mest hektisk. Slutten av året og dei første mnd. av nyåret er rolegare.

**Trafikken på ferjene over Boknafjorden aukar. Grunnlaget for meir omsetning burde difor bli betre, men med intervallar på ein halv time mellom kvar ferje, er det mange som blir i bilen i ventetida.**



# Store byggeplanar

Daniel Dobrev

**Johannes Nilssen har i 4 år halde på med eit prosjekt som skal utvide havneområdet i Føresvik med 15 nye naust, to båtgarasjar og ein stor molo. Kvart naust vil vere på 35 m<sup>2</sup> - båtplass fylgjer med. Moloen vil ha rundt 11 båtplassar.**

Nå eig Johannes området, men når løyvene til å byggje er gitt overtar Bygg og Kaianlegg heile prosjektet. Det skal då lagast avtalar mellom selskapet og Johannes. Han skal m.a. eige moloen og eit av nausta. Dei gjer eit makebytte slik at det Johannes brukar av land til vei og molofeste får han igjen i den nye hamna.



Foto: Jardar Havikbotn

Johannes på gjestebrygga ved Coop Marked Bokn, på andre sida av den omtalte tomta. Nausta og båtgarasjane kjem mellom dei to sjøhusa du ser på bildet.

*- Heile ideen for å få det gjennomført er at det er lokale folk som kjøper tomter, for då lagar me eit miljø og det blir ein triveleg plass å vere.  
Johannes Nilssen*



Her har Johannes teikna korleis han ser det heile for seg.


Reguleringsprosessen har tatt tid p.g.a. litt motstridande interesser om kva området skulle brukast til, men det blei til slutt bestemt av kommunen at det skulle vere eit sjøhusområde.

Då tomta blei lagt ut for sal var Johannes den einaste som ga bud.

- Nå håpar me å ha saka klar til forvaltingstyret i oktober, slik at den forhåpentligvis går igjennom. Me ser føre oss å sprengi i vinter, og gjere plastring av moloen og det arbeidet som skal gjerast i sjøen på våren, seier Johannes til Bygdabladet.

- Det er ikkje noko poeng her at eg skal tene mykje pengar på prosjektet. Heile ideen for å få det gjennomført er at det er lokale folk som kjøper tomter, for då lagar me eit miljø og det blir ein trivelige plass å vere, fortel Johannes, som allereide har ei gruppe på 7-8 stykker som vil forhåndskjøpe.

Anlegget skal vere gjennomført og heilt ferdig. Kvart naust



På ei anna skisse er det m.a. vist kor mykje som skal sprengast vekk, berekna til 26.000 m<sup>3</sup>.

Det skal bli tre meter djupt inntil brygga.

Moloen som kan skimtast i øvre kant skal bli på 70 m.

Bygdabladet vil koma tilbake til prosjektet.

**Augustin Jøsang er død, 83 år gammal.**

Foreldrene var Metta og Andreas Jøsang. Han var den sjuande i rekka av 9 stk.

Han var ikkje gammel når han måtte reisa ut. Det første var fraktfart frå Stavanger til Bergen. Men så vart han utkalla til militærret der han vart sjuk, smitte i leiren og fleire døydde. Då kom han heim.

Då han var 20 år, mista han far og bror på sjøen. Det vart eit hardt slag for alle. I 1949 gifta han seg med Margrete Håland.

Sidan vart det fiske og der var han kokk, sidan han ikkje var så sterk. Då det var slutt på fisket, vart det i fraktfart att.

Men så ville han prøva på fabrikken i Føresvik. Han hadde lyst å vera meir heime, men det gjekk ikkje. Han vart ufør berre 56 år. Men han gav ikkje opp. Han sette opp drivhus, det vart blomster og tomater, og det selde. Mink vert det óg, men det vart ikkje så lenge lønsamt.

Augustin var sosial og hjelpsom både inne og ute, og var snar med kaffien når der kom nokon. Han var mykje og gjekk tur med hundane. Dei han kom i prat med då, bad han med på kaffi enten han kjende dei eller ikkje. Han hadde masse venner.

Han var også glad i dyr. Dei siste og dei gildaste dyra var sauer, og kjekt var det for ungane når dei små lamma kom. Han var flink og hjelksam i hagen.

Dei siste åra var han på sykehjemmet, han såg sjølv at han ikkje kunne vera heime lenger.



Han etterlet seg kone, 5 barn, 13 barnebarn og 11 oldebarn.

**Takk for samarbeidet!**

**Daniel Dobrev** har hatt sommarjobb i Bygdabladet i tre år, og leesarane har nok fått med seg alle artiklane og reportasjane han har laga i løpet av desse åra.

Mykje arbeid ligg bak, og Media og kommunikasjon-eleven i 2. klasse på Vardafjell vid. skule har tydeleg talent for å jobba sjølvstendig og raskt med nyhetsstoff, samt å vurdera og skapa bilder og tekst ut i frå ein tanke - i samarbeid med andre.

Han er dessutan ein kløppar på datamaskinen, og underteikna har nytta sjansen til å læra seg nokre tips & triks på det elektroniske hjelpebiddelet, spesielt i bildebehandling.

Eg vil retta ein stor takk for samarbeidet i Bygdabladet, og håpar han i vidare arbeid med media og kommunikasjon får god bruk for praksisen frå Bokn.

- redaktøren -

**SOMMARENS VARME**

Ennå kjenne eg sommarens varme  
og følelsen av heil glede ikkje harme  
Sjøl om tiå har gått  
malt med himmelblått  
står eg igjen rik ikkje arme

Eg fylle med heila året  
sommarbleik blei eg i håret  
Nå e det ny tid  
gammalt har gått forbi  
eg kjente ei jente si hånd på låret

Kanskje blir høsten og rike  
det nytte ikkje om du skrike  
Den komme te slutt  
te jenta te gutt  
og har med frukt så eg like

Varm og god gjønå marg og bein  
saltvann men ikkje ei tåra når eg grein  
minner så sterke  
eg skride te verket  
ny sommar komme blir aldri for sein

Kjetil Hamre

# Allmenningskaiene på Bokn

Trond Vatnaland

For ikke lang tid tilbake ble noen av allmenningskaiene på Bokn oppgradert som et samarbeid mellom Bokn Båtforening, Bokn kommune og Kystverket.

Allmenninger er, om noen skulle være i tvil, ment brukt til kortere opphold for båter, for eksempel et måltid, besøk eller påvante av bedre vær for kryssing av fjorden. Dette kommer også frem ved skilting på kaiene.

Noen har dessverre den innstillingen at alt som tilhører stat, kommune, bedrifter, lag eller organisasjoner - det er mitt. Det ser en i forbindelse med byggesaker, båtfortøyning-plasser, tyveri fra lagerområder, osv.

Hjem har ikke hørt uttalelser som "Det er jo bare kommunen sitt". Hjem er kommunen? Deg og meg!

Lørdag 27. juli, midt i ferien fikk jeg telefon fra en båtturist som lurte på om han kunne låne båtplassen min i Alvestadkroken til neste dag for å besøke en venn. Selvfølgelig fikk han det, men hvorfor brukte han ikke en av allmenningene?

Kom selv hjem med båten søndag kveld og fikk svar på spørsmålet. Almenningen sør i havna med vannpost som jeg hadde tenkt å bruke var okkupert av en hytteeier på Bokn med sin landstedsbåt, nord i havna var en jolle fortøyd slik at den sperret både for kai og opptrekk.

I Foresvik har det vært samme tendensene. Jeg trodde en stund det var besökende båter som fylte opp allmenningen inne i havna, men det viste seg å være var fastboende,



tyskere og utleiebåter.

Ved flere av de andre allmenningene, som for eksempel på øre Arsvågen og Hognaland, er det også til tider mildt sagt lite fredelig å ligge.

Hva er problemet? Sannsynligvis er det forskjellige motivasjoner, men det er flaut at Bokn ikke kan tilby en kai etter den flotte innsatsen Bokn kommune, Bokn Båtforening og ikke minst Coop Marked Bokn har gjort.

## Hjort som ber flått

Daniel Dobrev

**Tynning av hjortebestanden er aktuelle verkemidlar for å redusere flåtplaga.**

Hjortedyra blir sett på som viktige verstsdyr for flått. Antallet pasientar som har hatt alvorleg flåttbåren sjukdom er urokkande høgt.

Den sug blod av fugl og pattedyr, inkludert menneske, og har potensielle til å spre sjukdommar.

Flåtten er sårbar for tørke, og størst forekomst vil det vere på fuktige stader med gras, små buskar, kratt og i open skog med god bestand av hjortedyr. På stader der hjortedyra ligg og kviler kan antallet flått vere svært høgt. I Norge er flåtten som regel i aktivitet frå april til november.

### Berre nokre timar

Flått har vært utbreidd lenge i Norge og flåttbårne sjukdommar på sau og storfe har vore velkjende langs kysten. Dei siste åra har det imidlertid vore ein auke i flåttbårne sjukdommar, både hos menneske og dyr. Bakteriene kan overførast frå flåtten til mennesket etter berre nokre timar, men størst risiko er det når flåtten sit festa i meir enn 24 timer.

For å redusere faren for flåttbitt bør man bruke lange bukser og vere godt tildekka på anklene, når man ferdist i områder med mykke flått. Bruk av myggmidlar på kleda reduserer også risikoen for flåttbitt.

**Kjelde:** flattogflue.no

## Dataspel set Noreg på kartet

Daniel Dobrev

Det norske speleselskapet Funcom set Noreg på kartet, med sine 700.00 registrerte spelarar i sitt nye spel Age Of Conan, melder NTB.

Speleselskapet har vist at norske miljø kan bli verdsleiande og skape både arbeidsplassar og eksportinntekter. Funcom er eit leiande speleselskap på verdsbasis, kor 450 personar frå over 30 land har vore med på å utvikle Age Of Conan.

På landsbasis spelar to av tre gutter og ein av tre jenter mellom 9 og 15 år pc- eller tv-spel på ein gjennomsnittsdag. 12 prosent av befolkninga i Agder-fylkene og Rogaland spelar dataspill dagleg, viser tall frå Statistisk sentralbyrå.

Utvikling av dataspel er ein kunnskapsintensiv, og set store krav til datakunnskap, forskning, innovasjon og kreativitet. Den kunnskapen som krevst for å utvikle dataspel gir norske bedrifter klare fortrinn for utvikling av dataverktøy på andre område i samfunnet.

Noregs forskingsråd sine store program VERDIKT og NTNU har samla det norske spelemiljøet i nettverket JoinGame. Her blir erfaringar delte, frå forskning på og utvikling av dataspel. Til hausten startar ei utdanning for dataspel ved NTNU.

## Bokn blant de fire beste skolene

Daniel Dobrev

**9 av 10 kommuner bryter opplæringslovens krav til tilpasset opplæring og spesialundervisning. Bokn er blant de 4 skolene i Norge som oppfyller kravene.**

Kommunal Rapport har gjennomgått 79 rapporter fra fylkesmennene, og funnet 141 lovbrudd.

Typiske avvik er at elevene må vente for lenge på utredning/bistand fra pedagogisk-psykologisk tjeneste, vedtakene om spesialundervisning er for lite konkrete eller ikke følges opp, og at kommunen mangler et forsvarlig system for å sikre at lovkravene blir oppfylt.

Av disse oppfyller bare fire kommuner opplæringslovens lovkrav til tilpasset opplæring og spesialundervisning, og Bokn er blant de fire.

**Kilde:** Kommunal Rapport

## Prisauke

Daniel Dobrev

Som følge av årets jordbruksoppgjer gjekk prisen på matvarer opp 1. juli. Bygdabladet var på butikken og forhøyrd seg om folk hadde lagt merke til dette.

Prisauken har gjort seg bemerket blant folket, men dei fleste har ikkje tenkt å minske forbruket av den grunn. Det må nok ei større auke til for at folk skal endre kjøpemonster, men ein kan godt velje eit billigare alternativ når ein handlar, dersom det er muleg.

Somme meiner at det er altfor dyrt og pengane ikkje går til bøndene, men heller til butikkane. Butikkane er ganske mange og dei er like dyre, så det vert ikkje konkurranse lenger.

Men bøndene treng litt meir pengar nå som prisen på gjødsel er gått opp, så dei ekstra kronene ein betalar for brødet eller melka er vel kanskje fortente.

Det er ikkje nokre spesielle varegrupper som det ikkje har vore prisstigning på, fortel visedirektør og marknadssjef i Coop Haugaland, Trygve Vikse. Juli er ein månad kor leverandørar har ein generell prisauke, men den største auken er på jordbruksvarer.

## Fekk Elias-vestar

Jardar Havikbotn

### 1. klasse på Bokn skule fekk premie i sjøvettskonkurranse.

Eliasklubben og Redningsselskapet inviterte til ein konkurranse kor alle førsteklassane i landet fekk sjansen til å illustrera Eliasreglane.

Lærar Astrid Sollid seier til Bygdabladet at klassen laga teikningar og collage (bilder som er limte saman av fotografi, avisar, tøybitar o.l.) i fem skuletimar før dei sende dei inn til Eliasklubben.

Gleda var stor då det kom ein svær pakke frå klubben. Av dei 235 klassane som var med (over 3.300 skulebarn) var

Bokn-klassen blant dei 57 som fekk klassesett med redningsvestar fra Eliasklubben som premie.

### Bygdabladet gratulerer!

I tillegg til denne hovudpremien fekk tre skular ein drømmedag ombord på ei redningsskøyte.

Dette var Bjørn Montesorriskule på Dønna i klassen for video og musikk med en Eliasregelsang, Skram skule på Måløy i klassen for beste teikning med ei mappe med teikningar av Eliasreglene og Eigerøy skule i Egersund, som vann open klasse med to flotte seilskuter i tre med alle elevane ombord med redningsvestar i klare gule og orange fargar.



**SVÆRT NØGDE:** Fv. Lea Banaszkiewicz, Tomas Martin Alvestad, Sander Aksdal, Madelen K. Hanssen, Jacob Andreas Hausken, Adrian Hesthammar, Sven Jøsang og Endre Øvrebo.

# Danmarkstur

Jardar Havikbotn

**20. til 25. juni var skulekorpsset i Bork Havn på vestkysten av Danmark.**

Korpsformann og dyktig sjåfør Odd Grønnestad frakta 25 barn og 15 vaksne trygt ned til feriesenteret i sørrenden av Ringkøbingfjorden på Jylland. Høgdepunktet på reisa var nok "Super Speed"-ferja over Skagerrak. Tre timer og eit kvarter gjekk bokstaveleg talt fort, med ulike butikkar ombord og mjuke og avslappande stolar - med interessante elektroniske skjermar på stolryggane.

Med omlag 12 timer i bussen blir ein slik ferjetur eit viktig avbrekk, spesielt i forhold til reisa gjennom det paddeflatet



vindmøllelandet, ikkje den mest spennande utsikten, sjølv om det er fascinerande med alle møllene som svirrar rundt i vinden.

For vind er det nok av i nabolandet. Og kombinert med det me ofte kallar sommarleg "St.Hans-temperatur" blei dagane der nede ganske friske. Men aukande hosteaktivitet og tette nasar hos enkelte la ingen dempar på den koselege turen.

## Storfamilie

Slike turar styrkar samhaldet og identiten, og gruppa blir som ein stor familie. Det første familieselskapet kom alle rede dagen etter ankomsten, då me om kvelden laga til langbord ute og grilla både norsk og dansk mat. Tidlegare på dagen hadde folk gjort seg kjende i området og funne ut kva Bork Havn hadde å by på.

Sjølv om badestrendene i Ringkøbingfjorden er kjende for å vera grunne og barnevennlege, gjorde den omtalte vinden og temperaturen valet enkelt når det gjaldt bading. Det innandørs badelandet i aktivitetssenteret ved hyttene fekk hyppig besøk av boknarar. Spelehall, hoppepute, minigolf, lysstøype-lokale og uteleige(bil)syklar var heller ikkje upopulære.

## Legoland

Hovudmålet for turen, den stadig veksane fornøyelsesparken i Billund (40 års-jubileum i år), som også etterkvert er bygd opp i England, USA og Tyskland, var berre 70 km frå oss. Sundagen var ein god dag å dra dit på, sjølv om regnver i morgontimene laga nokre bekymra fjes i flokken.

Paraplyar blei innkjøpte (ikkje laga av Lego!), og etter ein



liten time i parken klarna det opp. Då hadde me m.a. fått me oss Legoland-korpset, med svære sousafonar som lagde musikalske smell over heile området. Stilig!

Stilig og imponerande er også alle miniaturnane og figurane som er bygde med Lego-klossar (50 mill. til saman!) Det var



likevel alle attraksjonane, karusellane og berg- og dalbanane som var mest populære, særleg blant den yngre del av familien.

Ein aktiv damegjeng blant foreldra (som fekk blomar av Odd på avreisedagen) hadde samla sponsorar og skaffa oss T-skjorter. Flott og praktisk. Direkte estetisk då dagens familiemåltid blei inntatt i ein av restaurantane i Legoland.

#### St.Hans

Måndagen kom og det kribla for dei som ville bruka litt pengar. Shoppingturen gjekk til Ringkøbing. Nokon var også igjen i Bork Havn og kunne m.a. sjå på alle som surfa i den sterke vinden. Stranda er nemleg ei av dei beste windsurferstrendene Europa, mykje pga. den lave vannstanden, som gjer ho til ein sikker stad for både trena og utrena utøvarar.

Det gjekk rykter om Jonsok-feiring med rundt 2.000 deltagarar nede på stranda i 2007, og om kvelden gjekk me ned for å sjå. I sterk vind og lav temperatur hadde me ikkje dei store forhåpingane, og fjarårets tal kunne reduserast med nokre nullar. Me hadde også hørt at feiringa var avlyst i nærmiljøanlegget i Alvestad, så det var ikkje berre i Danmark veret var umuleg. Men fyr på bålet blei det, med tradi-

sjonell dansk heksebrenning.

#### Bursdag og vannkrig

Underteikna er så heldig å fylla året på den tida korps pleier å dra på tur, og har feira utallige slike dager med ulike korps opp gjennom åra. Det er like kjekt kvar gong! 20 år sidan

#### Bra korps i Legoland.



sist, med Bokn Brass på Shetland og 21 år sidan Eastbourne i England med skulekorpset, så det var på tide eg var var på korpstur att.

Song og presang blei, for meg, rørande avlevert under nok ein familiemiddag på "Panorama"-restauranten i havna. Takksemda er stor! Odd fekk også ei fortent gave av korpset, for å vera bussjåfør, på denne og fleire andre turar med Bokn-korps opp gjennom åra.

Under opphaldet hadde enkelte ungar yppa til vannkrig, og denne siste kvelden hadde nokre voksne gått til innkjøp av vanngevær. Etterkvart som desse blei testa ut og fleire andre metodar tatt i bruk, utvikla det heile seg til eit sjå-verdig og utrygt hytteområde, i alle fall for oss som prøvde å ta bilder av den hylande og frydfulle seansen.

Kl. 6.30 om morgonen 25. juni sat alle i bussen, ein harmonisk gjeng, klare for heimturen på nok ein vellukka korpstur.

**Takk til Berge Sag, BIS Industrier, Bokn Plast, Byggfirmaet Kjellesvik og Flatnes as, Førre dører og vinduer, Grieg Seafood, HighComp as og Vassbakk & Stol AS for at dei var med og sponsa turen.**



# Matskule på Adventurefarm

Daniel Dobrev

**Adventurefarm på Are har i samarbeid med organisasjonen 4H arrangert matskule i vekene 26 og 27, som eit ferietilbod for barn i alderen 8-12 år.**

- Målet med skulen er fysisk aktivitet for barna, spise sunn og variert mat, ha det gøy i lag, lære kor maten kjem frå, og ikkje minst laga mat sjølv, fortel leiar av Adventurefarm, Cruz Joao Pedro Cortinhas, til Bygdabladet.

Organisasjonen 4H, som er ein av dei største barne- og ungdomsorganisasjonane i verda, har i samarbeid med Prior, Ivar, Norsk sau og geit og Norsk landbruksvirke arrangert sju matskular i Rogaland, kor den eine er på Adventurefarm på Are.

Matskular er eit relativt nytt prosjekt som berre har foregått i tre år, og for Adventurefarm er dette første gongen. Difor velde dei heller to veker med små grupper på 13 og 7 deltagarar, i staden for 20 deltagarar på ei veke.

Jone Hognaland meinat at det kjekkaste på garden er å vere med dyra. Det er mange tilbod på garden, blant anna fotball, crocket, sandkasse, kubbespel, fisking og bading.

- Etter middag kan me vere med dyra, bade eller kva me vil, fortel han.

- Målsettinga til Adventure farm neste år er å opprette soveplassar ved sjøhuset, sidan me mottok midlar til spesielle miljøtiltak i landbruket og midlar frå Regional Utviklingsplan, avsluttar Cruz Joao Pedro Cortinhas.

Fv. Joakim Skjelde,  
Niklas Grønnestad og  
Jone Hognaland på  
fotballbanen.



KUBBESPEL:  
Amalie Nilsen i  
aksjon.



Fv. Ellen Johannessen og Malena Hognaland har skore opp grønnsaker til grilling hjå Tommy Grønnestad.



Ved middagstider samlast alle rundt bordet.

# Rideleir på Krovågen Hestesenter

Daniel Dobrev

**Kari Christensen** er daglig leder av Krovågen Hestesenter og arrangerte i sommer et ridekurs for aldersgruppen 8-16 år. Rideleiren hadde et variert innhold med blant annet hestestell, teori og ridning tilpasset den enkeltes ferdighetsnivå.

Hver rideleir varte i en uke og hadde 12 deltagere, som alle overnattet på rideleirens område. Deltakerne kom for det meste fra Rogaland og Hordaland, men det hendte også at det kom folk fra andre deler av landet.

Ofte er det venteliste for å melde seg på rideleir og det kan skje at noen ikke får delta grunnet plassmangel. I anledning kurset hadde to unge jenter fått sommerjobb. De assisterte og rei selv senere på kvelden.

Rideleir blir arrangert 5 ganger i året, tre om sommeren, en i høstferien og en i påsken. Deltakerene rir to ganger om dagen og steller hesten om kvelden, samt får teoriundervisning, og når de ikke er med hestene spiller de spill, ser på film eller tegner.

Anette 12 år fra Karmøy og Miriam 10 år fra Haua sitter på tilskuerbenken og venter på sin tur til å ri. Anette forteller at hun har vært her på denne rideleiren en gang før, og forteller at de lærer masse, blant annet å ri tølt og passgang. Miriam har ridd mindre enn ett år og dette er første gang hun er på rideleir.

## Byråkrat og bonde

Kari har som mål å jobbe som hestebonde på fulltid, hvor hun nå har en deltidsjobb som rådgiver i Haugesund kommune. Rideanlegget på Krovågen hestesenter består av dressurbane, temmingspaddock ovalridebane og beitemarker. Gården har 15 hester som er plassert i de to stallene på gården.

Kari har søkt om å få bygge en liten ridehall på 20 x 20 m, noe som er halvparten av den opprinnelige ridebanen. Ridehallen vil bli brukt i månedene september til februar, hvor hestene ellers bare ville stått inne på grunn av dårlig vær.



Kari Christensen med assistent instruerer i dressurridning.



Anette 12 år, tv. og Miriam 10 år på tilskuerbenken.



Teori hører med.

# Volleyballavslutning

Rita Bokneberg

Fredag 13. juni var det avslutning for volleyballungdommane.

Me starta med ei god treningsøkt først, samstundes blei det laga taco-bord av mammaene til Maria og Glen. Me fekk og besøk av ei jente som heitte Vivian frå Verdalen på Klepp, det var kjekt å sjå kor flinke ungdommane var til å ta vare på henne:)

Det blei delt ut diplom til alle. Etterpå kosa me oss med litt snacks og song Singstar.

Eg håpar å sjå dykk tilbake etter sommaren, kanskje før på ei sandvolleyøkt. Ellers vil eg minna om at me startar opp treninga igjen når skulen startar. Kvar torsdag kl. 18.30 - 20.00 Då er det ope for 7. klasse til 10.klasse.

Velkomne skal de vere, det er og fint om de berre vil komme og sjå.



# Kulturkalenderen

## August

- 28. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- 31. Gudsteneste kl. 11.00
- 31. Friluftsdag, sjå s. 15**
- 31. Kaffemøte Bokn Bedehus kl. 17.00 v/Frelsesarmeens

## September

- 01. Bibellesing på bedehuset 19.30
- 02. Speidning for oppdagalar (2. og 3. kl.), stifinnarar (4. og 5. kl.) og vanlege speidalar (6. - 10. kl.)
- 03. Båttrening med sok, arr. Bokn Røde Kors
- 05. Kino i Auditoriet
- 07. Bokn sundagsskule 10.30
- 07. Norgescupen, trial - arr. Pluggen Motorklubb
- 07. Familiespeiding i Loden kl. 15.00
- 07. Misjonsfest NMS på bedehuset 19.00
- 09. Speidning for 6. - 10. kl.
- 13. Pluggen motorklubb til KM Lag på Riska
- 14. Gudsteneste kl. 15.00
- 15. Bibellesing på bedehuset 19.30
- 16. Speidning for oppdagalar (2. og 3. kl.), stifinnarar (4. og 5. kl.) og vanlege speidalar (6. - 10. kl.)
- 16. Formannskapsmøte
- 17. Rundløype med førstehjelp (praksis), arr. Bokn RK
- 19. Kino i Auditoriet
- 21. Bokn sundagsskule 10.30
- 21. ABR-senteret, møte på bedehuset 19.00
- 23. Speidning for 6. - 10. kl.
- 23. Kulturkveld – Pater Pollestad 19.00, **sjå nederst**
- 25. Museumsstafetten 2008 kjem til Bokn
- 25. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- 27. Pluggen motorklubb til KM5 på Karmøy
- 28. Bingo kl. 16.00 - arr. Bokn musikkorps
- 29. Bibellesing på bedehuset 19.30
- 30. Speidning for oppdagalar (2. og 3. kl.), stifinnarar (4. og 5. kl.) og vanlege speidalar (6. - 10. kl.)
- 30. Kommunestyremøte
- 31. Friluftskaffe sporleik, sjå eige oppslag Klubbhus BIL
- 31. Gudsteneste kl. 11.00

## Oktober

- 01. Gjennomgang av depot og utstyr, arr. Bokn RK
- 01. Basar for Den Indre Sjømannsm. på bedehuset 19.30
- 03. Kino i Auditoriet
- 04./05. Bokn dansekubb på Kretsmesterskap og 5. runde i Vestlandsserien i Stavanger.
- 05. Bokn sundagsskule 10.30
- 05. Familiespeiding på Turstien kl. 15.00
- 05. Kristen muslimmisjon, møte på bedehuset 19.30
- Veke 41 Haustferie, Bokn skule
- 12. Gudsteneste kl. 11.00
- 13. Bibellesing på bedehuset 19.30
- 14. Speidning for oppdagalar (2. og 3. kl.), stifinnarar (4. og 5. kl.) og vanlege speidalar (6. - 10. kl.) Opptak, småspeidalar
- 15. Bowling m/mat, arr. Bokn Røde Kors
- 16. Fotballavslutning kl. 18.00, arr. BIL
- 16. Kontaktmøte på bedehuset 18.00
- 17. Colombiakveld på bedehuset kl. 20.00
- 17. Kino i Auditoriet
- 18. Seminar på skulen, Bokn musikkorps
- 19. Bokn Sundagsskule 10.30
- 19. Møte på bedehuset – Gideon 19.30
- 21. Speidning for 6. - 10. kl.
- 21. Formannskapsmøte
- 23. Lefsebakingskurs, arr. Bokn Hagelag/"Kjekt på Bokn"
- 24. Bedehusbasaren
- 25. Auksjon, arr. Bokn musikkorps
- 28. Speidning for oppdagalar (2. og 3. kl.), stifinnarar (4. og 5. kl.) og vanlege speidalar (6. - 10. kl.)

## August

- 28. Formannskapsmøte
- 29. Førstehjelp m/utstyrskjennskap, arr. Bokn Røde Kors
- 31. Kino i Auditoriet

## November

- 02. Gudsteneste kl. 11.00
- 02. Familiespeiding i Speidarskogen kl. 15.00
- 04. Speidaropptak for vandrarar
- 04. Kommunestyremøte
- 07. Basar for ABR-senteret på bedehuset 19.00
- 08. Haustfest på skulen, arr. BIL
- 09. Bokn sundagsskule 10.30
- 10. Bibellesing på bedehuset 19.30
- 11. Speidning for oppdagalar (2. og 3. kl.), stifinnarar (4. og 5. kl.) og vanlege speidalar (6. - 10. kl.)
- 12. Kart/kompass/samband, arr. Bokn Røde Kors
- 14. Kino i Auditoriet
- 14.-16. Speidartur
- 15. Seminar på skulen, Bokn musikkorps
- 16. Gudsteneste kl. 15.00
- 18. Formannskapsmøte
- 19. Sjømannskyrkjekveld på bedehuset 19.00
- 22. Bokn Dansekubb på 6. runde i Vestlandsserien i Bergen
- 23. Bokn sundagsskule 10.30
- 23. Bingo kl. 16.00 - arr. Bokn musikkorps
- 23. Møte, NMS, bedehuset 19.30
- 24. Bibellesing på bedehuset 19.30
- 25. Speidning for oppdagalar (2. og 3. kl.), stifinnarar (4. og 5. kl.) og vanlege speidalar (6. - 10. kl.) Juleverkstad
- 26. Førstehjelpsøving, arr. Bokn Røde Kors
- 27. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- 27. Juledekorasjonar, allrommet kl. 17.30 - arr. Bokn hagelag
- 28. Kino i Auditoriet
- 30. Julegrantenning, skulen kl. 16.00, arr. Bokn RK
- 30. Gudsteneste kl. 19.00 - Lysmesse

## Desember

- 02. Speidning for 6. - 10. kl.
- 07. Bokn sundagsskule 10.30
- 07. Familiespeiding i gymsalen kl. 15.00
- 07. Normisjon, møte på bedehuset 19.30
- 08. Bibellesing på bedehuset 19.30
- 09. Grautfest, speidalar
- 09. Kommunestyremøte
- 10. Kos og pynting på huset, arr. Bokn Røde Kors
- 12. Kino i Auditoriet
- 13. Juletresal og grautfest, arr. Bokn Røde Kors
- 14. Gudsteneste kl. 11.00
- 14. Luciafest, arr. Bokn musikkorps
- 20. Juletresal, arr. Bokn Røde Kors
- 21. Juletrefest på bedehuset 15.00 Arr. Ekornspeidalar, Småspeidalar og sundagsskulen
- 24. Gudsteneste kl. 14.00
- 26. Gudsteneste kl. 11.00
- 28. Juletrefest (familiefest) på bedehuset 17.00 Arr. Frel sesarmeen og bedehusstyret
- 31. Gudsteneste kl. 11.00

PATER KJELL ARILD POLLESTAD KÅSERER OM:

"LIVET ER BEDRE ENN SITT RYKTE"

BOKN BEDEHUS TYSDAY 23. SEPT. KL. 19.00 - MAT

BILL. 150,- KAN KJØPAST PÅ BOKN HANDELSLAG,  
I SERVICETORGET OG PÅ BIBLIOTEKET

ARR. BOKN BEDEHUS OG BOKN BIBLIOTEK

## Gratulerer!



**Maria Nilssen** fyller 13 år 30. august.

Me vil gratulere den goa jentå vår med dagen. Kjempeglad i deg.

**Klem frå mamma, pappa og Eirik**



Skuleguttane våres,  
**Andreas og Kristian Hatlem**, fylte 6 år 25. august.

Gratulerer med dagen!

**Hilsen fra mamma og pappa**



**Regine Nilsen**, 13 år den 12. august.

Gratulera med dagen!

**Klem frå mamma, pappa, Amalie og Sailor**



Jammen går tiå fort...

**Tuva Bryningsland** blei 2 år søndag 27. juli.

Gratulera så masse med dagen, lillevenn!

Kjempeglad i deg!

**Stor klem fra Emilie, mamma og**

## Bygdabladet for 20 år sidan

Frå nr. 6 1988

### STORT FLEIRTAL I KOMMUNESTYRET MOT OPPDRETTSENLEGG I FLØSUND-OMRÅDET

Bokn kommunestyre gjorde den 14. juni vedtak om at ein ikkje vil tilrå at det vert gitt konsesjon for etablering av oppdrettsanlegg ved Fløsund nå, og at ei bruksmessig avklaring av områda skal skje gjennom komande kystsoneplanen.

Vedtaket vart gjort mot ei røyst (Svein Ove Alvestad).

Bokn kommune har også i kommuneplanfrallegg i 1981–1992 vedtatt at Fløsund bør sikrast som regionalt bade- og båttutfartsområde.

Tidlegare vedtak frå den kommunale friluftsnemda viser også at det er interessekonflikt mellom oppdrets- og friluftsinteresser i dette området.

I kommunestyredebatten sa Svein Ove Alvestad at friluftsinteressene hadde fått sine interesser dekka i denne delen av kommunen ved at eit område ved Ognahabn var avsett til friluftsområde.

Finn Kro sa at han i utgangspunktet var positiv til nyetablering, men at han stilte seg spørjande til om dette grunne området var eigna til oppdrettsanlegg.

Det var fleire som sadet hadde endra syn i denne saketter kvart som ho vart behandla. Dei sågnå at området i praksis ville bli brukt til friluftsøremål der somdet kom oppdrettsanlegg.



7 år



**Kung Fu Panda**

**Den entusiastiske, store og klumsete Po er det største Kung Fu-fan noensinne.**

Dette kommer ikke så godt med i hans jobb i familiens nudelrestaurant.

Po sine drømmer blir til virkelighet da skjebnen velger ham til å oppfylle en eldgammel profeti, og han blir tatt opp i Kung Fu sin verden.

Kiosk fra kl. 17.30 – velkommen til kino!



Alle



**Mamma Mia!**

**Inspirert av historiene i ABBA-sanger, fra "Dancing Queen" til "S.O.S.", til "Money, Money, Money" og "Take a Chance on me", er det laget en film som hyller mødre og døtre, gamle venner og det å finne en ny familie.**

Om en brud, hennes mor og tre mulige fedre. Full av sanger fra ikoniske ABBA med sangene du vet at du elsker.

## Tidleg feiring

Jardar Havikbotn

**Austre Bokn Bygdalag feira ein tidleg St.Hans-fest laurdag 21. juni.**

Dei valde rette dagen – litt overskya og vind var det, men kveldssola kom etter kvart.

Dei minste var raskt i gong med kappestrid om største krabbevangsten. Arrangementskomiteen med Åse Bratthammer, Osmund Våga og Harald Øvrebø hadde sørga for både båtskyss, konkurransar og eit flott St.Hans-bål.

- Bygdalaget har gjort St.Hans-arrangementet til ein fast tradisjon, og flyttar det til ein ny stad på Austre Bokn kvart år, fortel Kari Christensen, som er leiari i laget. Nore Vågholmen er ei skikkeleg naturperle, og blir nok favorittstaden for feiringa heretter.



## St.Hans på Alvestad nærmiljøanlegg

Christian Bottolf Knutsen

**Det ble nok en vellykket St.Hans-feiring på nærmiljø-anlegget.**

Med bris, 13-14 grader og null nedbør så var det ingen som ble lei seg om sola ikke viste seg heller. Og med fyr i grillene ble det også sveigt unna en del pølser med tilbehør.

Speiderne hadde gjort et glimrende forarbeide med å rigge til sine tradisjonelle apparater både på land og til vanns...

Johannes fyrt opp gryta med varm kakao, som ble en populær fyllfestasjon for både unge og voksne. Fyr på bålet ble det også.

De fleste var nok enig i at det var en god ide å flytte feiringen fra mandag til onsdag (Selv om noen hadde en liten forsmak på feiringen i uværet den 23...)



## Blomsterdekorasjoner pryder Bokn

Daniel Dobrev

**To store blomsterdekorasjoner ved Knarholmen skal markere portalen inn til Bokn.**

Foruten de to store blomsteroppsetsene ved Knarholmen er det ei korg med blomster ved informasjonsskiltet på Ognøy, rastepplassen på Austre Bokn, i Arsvågen, Boknatun og ved flere veianvisningsskilt i Føresvik.

Det er June Kro og Ingjerd Ellingsen i "Ta naturen i bruk"-gruppa i prosjektet "Kjekt på Bokn" som har gått til innkjøp av alle disse blomsterdekorasjonene.

"Ta naturen i bruk" har fått tildelt 50.000 kr som har blitt brukt på blant annet tursti til Boknahåve og blomsterdekorasjoner. De håper på å få mer midler slik at de kan reise et flagg eller vimpel med kommunevåpenet på.

I skrivende stund er det uklart hvor lenge oppsatsene skal stå, men med levende blomster skulle dette ordne seg selv.



# Speidaren byggjer vidare!

## - nytt speidarprogram frå hausten -

Leiv Våga

### Både 2. og 3. klasse kan byrja. Dei blir oppdagrarar.

Norges KFUK-KFUM-speidere har utvikla nytt speidarprogram og gjort ny aldersinndeling. Bokn KFUK-KFUM-speidrarar prøver seg på det nye programmet og den nye inndelinga allerede i haust.

### Inndelinga vert slik:

| Alder           | Speidartype     | Hovudleiar         |
|-----------------|-----------------|--------------------|
| 0 – 100 år      | Familiespeiding | Svein Ove Alvestad |
| 2. og 3. klasse | Oppdagrarar     | Leiv Våga          |
| 4. og 5. klasse | Stifinnarar     | Merete Alvestad    |
| 6. – 10. klasse | Vandrarar       | Nils Bjørn Nilsen  |



Frå Blikshavn 08



Frå Fitjar 08

**Familiespeidarane** held fram som tidlegare med samlingar på ymse stader på Bokn ca. ein gong pr.månad.

**Oppdagrarane** skal ha samlingar annakvar veke. Det vert mykje uteliv på ein hemmeleg stad, og dei skal arbeida med noe som heite "Steinmysteriet". Når alle dei mystiske steinane er funne får dei merke. Nokre møter vert i lag med sti-finnarane og vandrarane.

**Stifinnarane** skal ut på reise (på liksom). I haust skal dei på "Sjørøvartokt". For kvar ting dei lærer og gjer så får dei eit antal mil. Når dei har reist mange nok mil får dei merke. Dei skal arbeida ein del i patruljer (grupper), slik som dei største speidarane. Dei skal ha møter annankvar veke, og det meste av aktivitetene foregår ute.

**Vandrarar** heiter dei største speidarane. Dei arbeidar som før i patruljer med peffar og assar og har patruljemøter og førarmøter og troppsmøter. Det er eit møte kvar veke. På ein månad har dei såleis eit troppsmøte, eit førarmøte og to patruljemøter. Det nye programmet inneholder mange gode utfordringar med mykje uteliv.

### Men me treng leiarar!!!!

For å gjennomføra opplegget ovanfor, treng me ein god del leiarar. Me har hovedleiarar til alle avdelingane, også nokre medleiarar, men me har ingen ting å gå på.

Derfor, ungdomar, foreldre, besteforeldre og andre - me utfordrar dykk: Unn deg den gleda det er å vera i lag med ungar. Du kan ikkje bruka tida di meir meiningsfullt.

Nødvendige kvalifikasjonar er at du er glad i ungar og uteliv, og at du møter trufast opp. Dei fleste av oss som er leiarar hadde ingen speidarbakgrunn. På krinsleirena på Fitjar nyleg var tre av leiarane besteforeldre langt over seksti, og dei klarte seg bra.

**Velkommen som leiar i speidaren!**

## Friluftsdag

### For små og store, gamle og unge, sundag 31. august.

Idrettslaget og speidaren har gått saman om å laga til ein friluftsdag. Me legg opp ei turløype som går frå idrettshuset, langs turstien til Boknaberg og ned Kyrkjebakken og attende til idrettshuset. På turen er det oppgåver og aktivitetar som alle kan vera med på, dersom dei vil. Du kan gå áleine eller du kan danna gruppe med andre.

Det vert kiosksalg allerede frå 12.30 slik at dei som for eksempel har vore i kyrkja først, kan få seg noko i livet før turen. Etter turen kan ein få kjøpt seg middag i idrettshuset.

### Faktaopplysningar:

Dato for friluftsdag: Sundag 31. august.

12.30 Kiosksalget opnar

13.00 Registrering og turstart

14.30 Middagsserveringa byrjar

16.00 Avslutning

*Helsing Bokn Idrettslag/Bokn KFUK-KFUM-Speidrarar*



Kanskje får du deg ein tur i ei apebru

# På leir

Leiv Våga

Laurdag den 2. august la eit sneis speidalarar, fire speidare leiarar, ein av dei med ryggvondt og to som for lenge sidan var gått ut på dato, og ei mor og eit par fedre og ein bestefar ut frå Bokn med kurs for Fitjar. Der skulle krinsleiren Fitjar 2008 finne stad.

1500 andre speidalarar og leiarar frå krinsane Rogaland og Haugaland hadde same målet. Der skulle dei møtast under mottoet "**Saman i livet**". Ville alle koma frå dette med livet i behald?, tenkte den eine av dei gamle frå Bokn.

Men nå skulle det byggjast leir. Og der låg sletta, fin og innbydande, delt inn i teigar som dei ymse gruppene skulle ha, og raiene, som venta på ivrige speidarhender, var plassert i haugar på områda deira. Heldigvis, regnet som hadde vore på morgonen var stoppa, men kor lenge ville det vara. Han såg nokså blå ut i vest.

Etter litt "dikkedering" om korleis leiren skulle sjå ut, gjekk alle laus på oppbyggjinga. Og på ein, to, tre var telta oppe, og alle fekk ryggsekkene under tak.

Det går visst ikkje så verst dette. Og nå var det at alt det kjekka byrja. Økser og sager og knivar og surretau kom fram or sekker og kassar. Der skal me ha bordet, der oppvask benken, der grua og der portalen, og ikkje gløym fettfellene. Peffane fordele oppgåvene og gav ordnar.

Foreldre og bestefar som ikkje hadde vore på leir før stod først litt tafatt. Men då dei etterkvart skjøna litt av galaskapen, vart dei så ivrige at dei mest tok arbeidet frå ungane.

Kl. 15.30 var det utdeling av middagsmat, samtidig som grua var klar til oppfyring. Lapssausen vart oppeten til siste skei.

Allerede nå var det mest nødvendige ferdigbygd, men spesielt gutane hadde slettes ikkje tenkt å gi seg. Portalen, statussymbolet, skulle opp. Og nå skulle ingen av dei vaksne få blanda seg inn.

Leirbålet laurdagskvelden var den første offisielle programposten. Litt for moderne med bråkete musikk etter gamle speidalarar sin smak, men dei unge likte det visst.

Sjølvé opninga av leiren var gudstenesten på sundag foremiddag. Alle gruppene stilte med flag og faner. For Bokn var det peffane Marius og Andreas som hadde den ærefulle oppgåva.

Opninga med 1.500 uniformerte speidalarar på plass i ein amfiliknande bakke, omkransa av flagborga, vart akurat så høgtidelig og stilfull som ho kunne bli. Fin song og musikk, fin tale av leirprest Hilde Jorunn Vetrhus frå Sola og fine velkomstord frå ordføraren i Fitjar kommune. Nå var leiren i gong.

Søndag ettermiddag var det misjonsmarknad. Alle grupper stiller med ein aktivitet og lagar tivoli. Bokn hadde, tradisjonen tru, karusell. Men den lange raia me var lova av teknisk uteblei. Me lånte ein 5,5 m lang pinne av Flekkefjord, som hadde nokre kraftige raier med seg.

Men det vart berre nokre "pinglegreier", som Marius sa det. Likevel kjørte boknaspeidaranane inn mykje penger. Alle inntektene frå marknaden gjekk til eit prosjekt for ungdom i Thailand. Mange var på besøk i leiren under misjonsmarknaden.



**Frå toppen**

1. På ein, to, tre, var telta oppe.
2. Bordet var ferdig, og grua klar til oppfyring.
3. Arbeid på portalen.
4. Flagborga gjør innmarsj.



Yrande liv rundt karusellen på marknadsdagen.

Sundag kveld fekk me tovere. Har du opplevd 50 mm (5 cm) regn på 10 minuttar? Det gjorde me. Og storm mens byga stod på. Nå legg han heile leiren flat, tenkte dei fleste av oss. Men alle telt og byggverk stod. Ein våt sovepose i jenteteltet var heile skaden. Me hadde visst gjort godt sjøklart, og så låg leirstaden vår på ein morenerygg, så vatnet forsvant like fort som det kom. Ikkje alle var like heldige. Noke av leirområdet var myr, og der var nokre grupper som fekk sorpe.

Mandag var me kome godt inn i tralten, og fedrene som hadde vore med på oppbygginga reiste heim.

Flaggheis med ord for dagen og orientering om programmet for dagen, frokost, bibeltime, aktivitetsøkter, middagslagning, ballturneringar og leirbål om kvelden. Etter leirbålet, når det mørknar, vert parafinlyktene tente, mange kokar kako, andre steikjer pannekaker eller dreg fram andre godsaker, og speidarane går på besøk til kvarandre. Slik fortonar ein leirdag og ein leirkveld seg gjerne.

Tysdag var det haikedag. Då drog alle speidarane ut og overnatta i naturen. Ein fridag og eit kjærkome pust i bakken for leiarane som var att i leiren, for speidarane ei fin utfordring og god oppleveling.

Me har alltid god mat på leir. Middagsmenyen såg slik ut: Lapskaus på laurdag, kylling og ris og iskrem på sundag, laks og banan og sjokolade på mandag, real turmat og eple på tysdag, taco på onsdag, fiskekaker og sjokoladepudding på torsdag. Brødmat og pålegg var enkel og grei slik som ungane likar. Og me fekk meir enn nok av alt (untatt lapskausen på mandagen som var i det snauaste for arbeidsfolk). Og så vert maten så god når me lagar den sjølv, på bål. Torsdag var siste leirdag. Fredag skulle leiren rivast og utstyret pakast. Å, kor fort desse dagane gjekk, var nok reaksjonen til dei fleste av oss.

Mange ville nok vore lengre. For dei gamle var det nok på tide å reise heim

*"Saman i livet"* var mottoet. På leir er me saman i leirbygging, på bibeltimar, på leirbål, om matlaging og oppvask, på marknad, på aktivitetar, i telt, på haik, med gamle vene, med nye vene. På leir er me saman om det meste. Det kan vera utfordrande å vera så tett innpå kvarandre i fleire dagar. Men har du same kjensla som eg, så har du berre vorte meir glad i speidarane dine og opplevd at det var godt å vera "saman i livet".

Du har all grunn til å vera misunneleg du som ikkje var med, men held du fram i speidaren, får du ein ny sjanse på landsleiren på Lista om to år. **Me sjåast på leir.**



Tysdag var det haik. Alle speidarane pluss Wenchesov ute i villmarka den natta.

Sjå bildealbum frå  
leiren på [bokn.no](http://bokn.no)



# Sjørøvarfest i sommarvêr

Tekst: Kyrre Lindanger - foto: Jardar Havikbotn



Havnavegen velforening inviterte 14. august til sjørøvarfest på den søndre leikeplassen i Havnavegen.

Om lag 50 personar, med stort og smått, hadde slipt sverda og iført seg sjørøvarkostyme og møtt opp denne solrike augustettermiddagen.

Styret i velforeininga hadde gjort grundige førebuingar og pynta leikeplassen med sjørøvarballongar og fyrt opp kolgrillane og raskt blei det ein

god sommaratmosfære ved leikeapparata då grillukta kom smygande. Også velforeininga sitt lykkehjul var henta fram og satt i rotasjon, til glede for dei mange frammøtte.

## Piratbesøk

Spesielt mykje merksemd fekk den høglytte gjesten (**bilde øverst til venstre**) som melde sin ankomst under kaffien. Kaptein Snabelsand, syskenbornet til den meir kjende sørlandspiraten Sabeltann (også kap-

tein), fekk bistand av alle småpiratane til å grava opp ein skatt som pussig nok var spadd ned i den kommunale singelen på staden.

Skinnande gullmyntar, som skulle vise seg å innehalda sjokolade, blei solidarisk delt ut til oppglødde sjørøvarbarn av formann Solrunn Ognøy.

Kaptein Snabelsand takka deretter for seg og satte kurset mot Havnavegen 24.



## Omsetning av eideomar i Bokn kommune

**Hognalandsvegen 12 (Gnr 17, bnr 16)** er overdradd fra Konrad Ingleiv Hognaland til Rigmor Karin Hognaland

(09.06.2008)

**Andel av Grønnestadvegen 178 (Gnr 25, bnr 1)** er overdradd fra Einar Kristian Gabrielsen til Odd Gunnar Bye

(12.06.2008)

**Lodavegen 323 (Gnr 27, bnr 2)** er overdradd fra Sigmund Alvestad til Torstein Alvestad

(11.07.2008)

Kjelde: Statens kartverk

P  
r  
i  
v  
a  
t

## SYKKEL TIL SALGS

Fint bruk DBS-jent til salgs

Passa

**SOLGT**

Tlf. 52 85 25 - 91 16 87 82



## ØYREDOBB

Mista på Sommarmarknaden 12. juli.

Har du funne han, kontakt Inger Jøsang på tlf.

**52 74 84 89 - 91 73 51 78**



## Hva kan du få gjort på Bokn legekontor?

På Bokn legekontor kan vi ta stort sett de samme prøvene og utføre de samme undersøkelsene som på andre legekontor. Både tidligere år og i forbindelse med ny-åpningen i 2008 har kommunen investert i apparatur og utstyr for å gi befolkningen på Bokn et fullverdig tilbud. Legekontoret framstår i dag som velholdt og moderne.

Her er en liten oversikt over hva vi kan tilby:

### Blooprøver

#### Hurtigprøver (kun stikk i finger):

- o INR (ved blodfortynnende behandling, "marevan")
- o CRP ("hurtigsenkning")
- o Hemoglobin ("blodprosent")
- o Blodsukker
- o HbA1c (langtidsblodsukker)
- o Hurtigprøve Helicobacter Pylori (magesår-bakterie)
- o Mononukleosetest (hurtigprøve for kysse-syken)

#### Vanlige blooprøver (stikk i arm):

- o Alle typer blooprøver
  - § Blodbilde
  - § Elektrolytter
  - § Vitamin-status
  - § Leverprøver
  - § Nyreprøver
  - § Hormoner
  - § Revmatiske prøver
  - § Stoffskifte
  - § Kolesterol
  - § Diabetes
  - § Konsekvensjon legemidler i blod
  - § Jernstatus
  - § Andre etter behov
- o Senkning

### Andre undersøkelser

- EKG (elektrokardiogram – "hjerteprøve")
- Spirometri (pusteprøve)
- Blodtrykk
- Hurtigprøve streptokokker i hals (halsbetennelse)

- (bomullspine bak i hals)
- Hurtigprøve HCG (graviditetstest) (urinprøve)
- Urinprøve vanlig
- Mikroalbuminuri (eggehvit i urin, diabetikere)
- Synstester
- Hørselfest (ved hjelp av helsesøster)
- Klamydia-test
- Bakteriologiske prøver av puss fra sår, sopp m.m.
- Glukosebelastning (test for sukkersyke)
- Teststrimler for blod i avføring (HemoFec)

### Ulike prosedyrer

#### Småkirurgi

- o Fjerning av føflekker
- o Drenering (tømming) av abscesser ("puss-lommer")
- o Fjerning av sting
- o Enkle injeksjoner av betennelsesdempende steroider (kortison)

#### Gynækologisk undersøkelse (GU)

- o Innsetting av spiral
- o Celleprøve (alle kvinner 25-69 år, hvert 3. år)
- o Vanlig GU

### Ved akutt sykdom

- Forstørver-apparat (astma-medisiner m.m.)
- Beredskap for sjokk-reaksjon (for eksempel ved vepsestikk)
- Hjertestarter (i ambulanse)
- Utstyr til å stanse blødninger m.m.
- Suturering (syng) av kutt og sår
- Behandling av overtråkk etc.

### Attester og kontroller

- Førerkort over 70 år
- Svangerskapskontroll (i samarbeid med jordmor)
- Førerkort lastebil etc. (NA 0202)

Savner du noe? Gi oss gjerne tilbakemelding til kommunelegen dag.helge.ronnevik@bokn.kommune.no eller ring kontoret 52752540.

Dag-Helge Rønnevik  
Kommunelege



- \* Vår treningsidé bygger på musikk, bevegelsesglede og positive instruktører
- \* Mer en 30.000 glade mosjonister trener sammen med oss hver uke
- \* Friskis & Svettis er frivillige idrettslag drevet på dugnad og uten kommersielle interesser.
- \* Vi gir valuta for pengene – treningsavgiften frem til jul er kun kr. 500

## FRISKIS & SVETTIS

### ØNSKER VELKOMMEN TIL TRENING PÅ

**BOKN SKULE:**

**TIRSDAG 19.30-20.30**

**PRØV OSS GRATIS, VI LOVER AT DU BLIR FORNØYD!**

**SPØRSMÅL? RING ANETTE 99 71 76 61**

**www.friskissvettis.no**



## KROVÅGEN HESTESENTER

5561 Bokn – tlf. 91 12 08 01  
kachris@online.no

Nye ridekurs for barn, ungdom og voksne starter i august og september.

Rideleir i skolens høstferie.

Stallplass ledig for 1 hest eller 2 ponnier.

Gode treningsforhold med to ridebaner.

**Mer informasjon på tlf. 91120801,  
Kari Christensen.**

Påmelding kan også sendes til **kachris@online.no**

Mer om Krovågen hestesenter på Austre Bokn finner du på våre hjemmesider  
**www.kro-hest.no**

**Barnekoret startar:**

1. sept. kl 16.30 – 17.45 i Auditoriet

Alle songglade frå 1.klasse og oppover  
er velkomne.

Pris 150,- pr år, (250,- for 2 sysken)

**Hilsen Venevil, Oddrun og May Jorunn****Nye opningstider - Onsdagar, torsdagar og fredagar****Hilsen Anita** - 52 74 85 34 eller mobil 99 32 55 34**Kommer tilbake med info om flytting av salong****Ved til salgs**

Sitkagran, ferdig kløya i 60 cm selges for kr. 800,- per favn. Kan skjæres i 30 eller 15 cm. for et tillegg på kr. 200. Fraktes på henger med traktor hvor det måtte ønskes.

Kontakt Daniel 97 07 19 37 eller Andrej Dobrev 93 093 107

**Kjøp av tomt**

Tomter ønskes kjøpt. Alt av interesse.

Kontakt Jarle på tlf. 908 23 454

**Utleige av minigraver 2500 kg**

Pris pr. dag kr. 800,- + moms.

Pris pr. veka kr. 4.000,- + moms.

Pris pr. dag kr. 100,- + moms for leige av vridbar pusseskuffe.

**Kontaktpersoner:**John Magne Lie  
mob: 909 24 964Kjell Frode Lie  
mob: 907 83 797*Tusen takk for oppmerksomheten i anledning min 50 års dag.**Hilsen Rita**Takk for all oppmerksomhet på 70 års dagen min.**Herlaug**Hjerteleg takk for oppmerksomheten ved **Augustin Jøsang** sin bortgang.**Ein spesiell takk til Bokn sjukestove for god pleie og for gåva som kom inn til sjukestova, som brakte inn 7.200 kr.**Margrete m/familie**Hjertelig takk for all deltagelse og blomsterhilsener ved **Haldis Øvrebøs** bortgang.**Åge, Eva, Sølv i m/fam.**Hjertelig takk for blomster og all deltagelse ved **Herbjørg Dagny Solbergs** bortgang.**En stor takk rettes også til pleie- og omsorgsarbeiderne for god hjelp i hjemmet.**Gustav Solberg med familie***Bokn & Tysvær begravelsesbyrå**John Magne Lie  
90 92 49 64Kjell Frode Lie  
90 78 37 97**COOP MARKED BOKN****Mandag til fredag: 09.00 - 18.00****Lørdag: 09.00 - 16.00****Drivstoff heile døgnet - kortautomat**

**ALLTID**

---

# Vi nuller ut gebyrer og fjerner årsprisen!

---

Bestill vår gebyrfrie konto  
ALLTID i dag!

Kom innom oss i Bokn eller  
ta kontakt på telefon **02002**.

May Jorunn Vatneland, finansrådgiver  
SpareBank 1 SR-Bank Bokn

Bank. Forsikring. Og deg.

**SpareBank**  
SR-BANK 



| Funksjon                        | Namn                   | Tlf.                      | E-post                              |
|---------------------------------|------------------------|---------------------------|-------------------------------------|
| Ordførar                        | Kyrre Lindanger        | 52 75 25 03 - 91 67 17 26 | kyrre.lindanger@bokn.kommune.no     |
| Rådmann                         | Jan Erik Nygaard       | 52 75 25 01 - 98 22 15 01 | jan.erik.nygaard@bokn.kommune.no    |
| <b>Økonomi</b>                  |                        |                           |                                     |
| Økonomisjef                     | Solrunn Alvestad       | 52 75 25 02 - 98 22 15 02 | solrunn.alvestad@bokn.kommune.no    |
| Rekneskapsansvarleg             | Norunn Jordbrekk       | 52 75 25 07               | norunn.jordbrekk@bokn.kommune.no    |
| Skatteoppkrevjar                | Lindy Haram            | 52 75 25 09               | lindy.haram@bokn.kommune.no         |
| <b>IT</b>                       |                        |                           |                                     |
| IT-konsulent                    | Ture Kristiansen       | 52 75 25 20 - 99 09 53 14 | ture.kristiansen@bokn.kommune.no    |
| <b>Servicetorg</b>              |                        |                           |                                     |
| Servicetorgleiar                | Gro Sørensen           | 52 75 25 10 - 98 22 15 00 | gro.sorensen@bokn.kommune.no        |
| Førstesekretær                  | Annette Bokneberg      | 52 75 25 11               | annette.bokneberg@bokn.kommune.no   |
| <b>Helse, sosial, barnevern</b> |                        |                           |                                     |
| Seksjonssjef                    | Tore Bøe Olsen         | 52 75 25 34 - 98 22 15 03 | tore.boe.olsen@bokn.kommune.no      |
| Sjukestova                      |                        | 52 75 25 30               |                                     |
| Legekontor                      |                        | 52 75 25 40               |                                     |
| Sosialsjef/Barnevernsleiar      | Reidar Alvestad        | 52 75 25 04 - 98 22 15 04 | reidar.alvestad@bokn.kommune.no     |
| Psykiatrisk sjukepleiar         | Miriam Berland         | 52 75 25 36 - 40 41 05 70 | miriam.berland@bokn.kommune.no      |
| Helsesøster                     | Henriette S. Lindanger | 52 75 25 43 - 46 93 69 65 | henriette.lindanger@bokn.kommune.no |
| <b>Kultur, skule, barnehage</b> |                        |                           |                                     |
| Seksjonssjef                    | Dag Halvorsen          | 52 75 25 50 - 90 72 80 92 | dag.halvorsen@bokn.kommune.no       |
| Rektor                          | Ingjerd Ellingsen      | 52 75 25 51 - 98 22 15 11 | ingjerd.ellingsen@bokn.kommune.no   |
| Skulekontor                     | Annette Bokneberg      | 52 75 25 69               | annette.bokneberg@bokn.kommune.no   |
| Kultursjef                      | Jardar Havikbotn       | 52 75 25 08 - 98 22 15 08 | jardar.havikbotn@bokn.kommune.no    |
| Barnehagestyrar                 | Tone Børgesen          | 52 75 25 70               | tone.borgesen@bokn.kommune.no       |
| Biblioteksjef                   | Linda Ognøy            | 52 75 25 45               | linda.ognoy@bokn.kommune.no         |
| <b>Teknisk</b>                  |                        |                           |                                     |
| Seksjonssjef                    | Hans Faye              | 52 75 25 05 - 98 22 15 05 | hans.faye@bokn.kommune.no           |
| Kommuneingeniør                 | Unni Høivik            | 52 75 25 06 - 98 22 15 14 | unni.hoivik@bokn.kommune.no         |
| Post til Bokn kommune           |                        |                           | post@bokn.kommune.no                |
| Post til Bygdabladet for Bokn   |                        |                           | post@bygdabladet.no                 |

## Div. tenester på Boknatur

### BOKN LEGEKONTOR

#### Opningstider kontor

- Tysdag, fredag og anna kvar torsdag (i partalsveker) kl. 08.30 – 15.00.

#### Telefontid

- Alle dagar kl 08.00 - 11.00 og 13.00 - 14.00.

Telefon **52 75 25 40**.

#### Vikarordning med dr. Egenberg i Aksdal

· Ca. 10 uker i året vil Bokn legekontor vera stengt pga. kurs og ferieavvikling. Dr. Rønnevik har derfor inngått ei vikarordning med dr. Egenberg ved Hegren Legesenter i Aksdal for sine listepasientar.

· Ved behov for legetime dei vekene legekontoret på Bokn er stengt, kan man ringa Hegren Legesenter på tlf. 52 75 88 00 (telefontid kl. 08 -11.00 og 13.00 – 14.00) og få time hos dr. Egenberg. Me ber om at ein i størst muleg grad forsøker å få legetime på Bokn legekontor hos dr. Rønnevik. Dr. Egenberg skal kun nyttast når ein ikkje kan venta til ein får time på Bokn legekontor.

#### Generell informasjon

· Me gjer merksam på at det kjem eit avbestillingsgebyr på kr. 130 dersom man ikkje møter opp til avtalt time. Avbestilling må skje minst 24 timer før avtalt time. Avbestillingsgebyr gjeld også barn (kr. 130)

· Det er fortsatt muleg å få reseptane sine faksa til apoteket i Tysvær og medisinane brakt til butikken, men det kjem då eit ekspedisjonsgebyr på kr. 50 pr. gong.

· På legekontoret er det dessverre ikkje muleg å betala med bankkort.

· Nye pasienter må sjølve ringa den gamle fastlegen for å få sendt kopi av journalen til Bokn legekontor (gjeld alle). Det kostar kr. 85 å få utskrift av journalen sin hos sin gamle fastlege.

#### Ved behov for øyeblikkeleg hjelp

· For tilstandar som ikkje krev øyeblikkeleg tilsyn kan du ringa legekontoret **52 75 25 40** og få ein "akuttime" hos dr. Rønnevik. Dersom du ikkje får hjelp på legekontoret kan du ringa Bokns legevaktnummer **52 74 85 22**. Dei kan då enten setta deg i kontakt med dr. Rønnevik eller skaffa ytterlegare hjelp dersom nødvendig.

· **For tilstandar som krev øyeblikkeleg hjelp, ring 113**

### SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 – 15.00

#### Me kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus,m.m.
- kopiering

**Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11**

E-post: [post@bokn.kommune.no](mailto:post@bokn.kommune.no)

### JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet mandag i oddetallsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61  
Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

**Bodil Ljones Auestad - jordmor**

### HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndager, onsdager og fredager kl. 8-15.30 - Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 46 93 69 65

**Henriette S. Lindanger - helsesøster**

### BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.

52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smarter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

**Geir Austvik - fysioterapeut**

### BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00 ved fysioterapirommet.

#### Enkelte laurdagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28

Direkte nr.: 52 75 25 33

**Rita Bokneberg - fotterapeut**

### TANNLEGEKONTORET

**Tysdagar kl. 08.30 - 15.00 Direktenr. 52 75 25 80**

For endring av timeavtale: 52 75 45 20 - Tysvær

**Ingjerd Hope Myklebust- tannlege**

### DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00

Treng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tlf. 52 74 83 09

**Julianne Nilssen - aktivitør**

### LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatur  
kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre veker, tlf. **52 75 71 75**

**Bjørn Bruaset - jordbruksjef**

### NAV BOKN TRYGD

Kontortid kl. 9.00 – 14.30

Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Kundesenteret: tlf. 815 81 000



Arbeids- og velferdsforvaltningen

# Korleis går det?

Daniel Dobrev

**Kyrre Lindanger har snart vore eit år i ordførarstolen. Bygdabladet slo av ein sommarprat.**

## Den største utfordringa til nå

- Første halvåret mitt som ordførar var alt fokusert konsentrert rundt Sørheimutvalet, og me måtte engasjere eksterne konsulentar, møte med departementet, møte med Utsira og Kvitsøy som også kom dårleg ut.

helseseksjonen i Bokn. Så skal me gjennomføre folkevaldopplæring for alle politikarane i Bokn. Frå tid til anna er det jo noko å gjere i prosjektet *Kjekt på Bokn*.

- Det viktigaste å jobba med framover er å få fleire til å flytta til Bokn, det ser jeg på som jobb nummer 1. Og legge til rette for at folk kan busette seg i Bokn. Det er og veldig viktig at me kan tilby



Foto: Jardar Havikbotn

- Men me kom ganske godt ut av det likevel. Me fekk jo beholda heile regionaltilskuddet som er utruleg viktig for Bokn. I tillegg har me vore ein kommune i vekst, og sist eg sjekka var innbyggertalet på 817.

Kyrre Lindanger er for tida godt i gong med forberedingane til ein travel haust, og ser fram mot at det politiske liv for alvor skal starte opp etter ferien. Ordførerstillinga er, etter kommunestyrevedtak, i prinsippet 100 %. Ordføraren har valt å behalde ein 10 % stilling i politiet også, det vil seie annankvar tysdag.

- Det er viktig å halde kontakt med sivilarbeids-takaren, for ein gong skal du jo tilbake. Utan denne kontakten blir det veldig tungt å komme tilbake, fortel Kyrre, som forklarer at han i politistillinga driv med avhøyr, leverer ut forkynnelsar, mottar anmeldelsar og av og til er på operative oppdrag.

## Framtidige arbeidsoppgåver

- I oktober begynner me med budsjettarbeid som er ganske omfattande, også skal me i gong med kommuneplanprosessen. Helseplan- arbeid skal me også starte opp med, kor me skal lage ein plan for

tomter for dei som ynskjer å bygge i kommunen.

- Me har ein jobb i forhold til å stadig forbetra oss når det gjeld den øvrige tjenesteproduksjonen, at ein kan tilby barnehageplasser, ein skule som tilfredsstiller dei krava som er sett. Ei stor utfordring blir å sikre god nok kompetanse når det gjeld den kommunale administrasjonen, at kvalifisert personell kan gå inn og gjere ein jobb her og tilby gode tenester.

## Glad i kommunen

- Det har vore utruleg spennande og kjekt og ikkje minst interessant å læra å kjenne kommunen innanfrå. Eg er voldsom glad i kommunen min og legg ikkje skjul på at eg er ein aldri så liten lokalpatriot.

- Det å kunne få lov til å representere kommunen og vere kommunen sitt ansikt utad er ei stor ære som eg synest er ganske kjekt. I tillegg får eg møte mange kjekke menneske i alle mulege samanheng. Det gjeld ikkje berre utad, men også innad i kommunen, kor det stadig er mange hyggelege sambyggingar som er innanfor dørene, avsluttar ordførar Kyrre Lindanger.